



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Levekårsutvalet	

Sakshandsamar:	Kultur- og aktivitetseininga	Eileen M Feste
	Arkivnr.: 16/15	Klassering:

Kulturmidlar - hausttildeling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen si framlegg om tildeling av kulturmidlar hausten 2016, vert vedteke.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Frist for å søkje aktivitets- og prosjekttilskot – hausttildeling - er 01. september. Lindås kommune har motteke 22. søknadar.

I samband med hovudtildelinga – sak 036/16 og 041/16 – vart det vedteke følgjande tildeling;

Kategori	Ramme 2016	Tildelt	Differanse
Barn- og unge	327.500	177.900	149.600
Kulturformidling/musikk	512.700	512.575	125
Andre kulturaktivitet	228.400	181.890	46.510
Kulturvern- og samlingar	203.800	204.000	- 200
Idrett	715.200	716.500	1.300
Totalt			194.735

I sak 07/16 «Rammar for kulturmidlar 2016» vart det vedteke at det skulle avsetjast kr 50.000 til hausttildeling.

Hausttildelinga gjeld kun søknad om aktivitets/prosjekttilskot.

Avsette midlar til hausttildeling (jmf sak 07/16)	Kr 50.000
Rest etter hovudtildeling	Kr 194.735
Totalt til hausttildeling	Kr 244.735

Levekår har kr 244.735 til disposisjon til hausttildelinga. Tabellen syner ei oversikt over ramme, hovudtildeling og hausttildeling de siste 4 åra.

År	Ramme	Hovudtildeling	Hauusttildeling
2013	2.037.600	1.931.770	105.830
2014	2.037.600	1.954.034	99.916
2015	2.037.600	1.909.210	128.390
2016	2.037.600	1.792.865	*244.735
			* rådmann si innstilling

Årsaken til det store «overskotet» etter hovudtildelinga i vår, var nokre færre søknadar og færre søknadar til kostnadskrevjande prosjekt. Samstundes har det tidlegare år vore søkt om ca kr 500.000 – 700.000 totalt til hausttildelinga, fordelt på 25-35 søknadar. I år er det søkt om totalt kr 328.000 fordelt på 22 søknadar.

Vurdering

Det er kome søknad frå Psykiatriens Venner, damegruppa Nålauga og Lindås revmatikarar. Dette er lag som har fokus på helserelatert aktivitet for eigne medlemmar. Levekårsutvalet må drøfte om ein skal støtte slik aktivitet via kulturmidlar. Saka vil ble teke opp i samband med «Ramme for tildeling av kulturmidlar 2017».

Lindås idrettsråd og Lindås kulturråd og har fått saka til høyring.

Lindås idrettsråd har ingen merknadar til rådmannens forslag.

Lindås kulturråd har sendt følgjande svar datert 20.09.16;

Vi vil merka nokre generelle tilhøve:

Hovud-tildelinga på våren skal gå til drift medan haust-tildelinga ifølgje retningslinene kun skal gå til prosjekt- og aktivitetstilskot. Det kan verke som om at det ikkje er lett å forstå skilnaden mellom «drift» og «aktivitet» av di så mange søknadar på hausten dreier seg om driftsmidlar. Lindås kulturråd meiner at det er søknadar som dreier seg om utadretta aktivitet som må prioriterast i haustfordelinga.

På generelt grunnlag meiner Lindås Kulturråd at dei frivillige helserelaterte lag og organisasjonar, Psykiatriens Venner, Lindås revmatikarlag og Nålauga ikkje er berettiga kulturmidlar. Det har i Noreg vore ei utstrakt satsing innanfor psykiatri og tilrettelegging av aktivitet for brukergupper innan helse generelt i fleire år. Frivillige helserelaterte lag og organisasjonar må kunne finne midlar innanfor sine eigne faginstansar i kommunen.

Som nemnt i uttalen for hovudtildelinga før sommaren 2016 så meiner Lindås kulturråd framleis at lag/org må føre opp ein samla sum for kva det er dei søkjer

pengar til, og ikkje fleire søknadar frå same lag. Vi ser at dei mest kreative framleis søker på ulike område og med ulike tema og på den måten får mest mogeleg ut. For eksempel Eikanger /Bjørsvik Musikklag – juniorbrass og trombonistar. Dette kan ikkje sjåast som prosjekt av di det har gått over 10 år. Det er ein del av ordinær drift.

Lindås kulturråd ser det som problematisk å gje stønad til:

a. Nordhordland skiklubb – klubbklede. Det kan bli vanskeleg å handtere søknader frå mellom anna korps og kor som framover treng nye uniformer. Og dette dreier seg om store summer. Laga må oppmodast til å bruke kanalane der drakter og uniformer får tilskot. , jfr. retningslinene § 9 – bygg/anlegg og utstyr, søknadsfrist 15 mars.

b. Alvermarka vel / Hindenes og Åsgard grendelag – grusbane og uteområde. Dette er eit tema som det blir meir og meir viktig å få avklara grunna usemje om kor slike saker skal handsamast. Lindås kulturråd meiner dette er eit oppdrag for idrett- og friluftsliv og bør ligge i eigeomsavdelinga der slike innspel kan handterast av spelemidlar og eventuelt interne midlar, jfr. retningslinene § 9 – bygg/anlegg og utstyr, søknadsfrist 15 mars.

Bygdekinoen på Lygra

Sidan 2001 har det vore tilbod om Bygdekino på Lyngheisenteret. Ein gjeng frivillige heldt i dag kinoen i gang. Dei heng opp kinoplakatar rundt omkring i bygdene, opp- og nedrigg av utstyr, kiosksal og vasking/rydding av kinosal. Bygdekinoen har framsyning kvar 14. dag, med både barnefilm og vaksenfilm.

Bygdekinoen krev ein fast sum for kvar framsyningsdag. Dei som driv kinoen på Lygra, får berre ein prosentdel av speleinntektene, over ein viss sum.

Tidlegare var det tilbod om Bygdekino i Haugatun på Lindås og i Strilatun på Seim. Desse tilboda eksistera ikkje lenger.

Underskotet for Bygdekinoen på Lygra var i 2014 kr 35.175. For 2015 var det kr 28.864 i underskot. Lyngheisenteret har hittil dekkja store delar av underskotet, men har no signalisert at dei ikkje har midlar til å fortsatt dekke eventuell underskot.

Lindås ungdomslag

Lindås ungdomslag skal presentere «Ein julekonsert med det lille ekstra». Her vert det presentert tradisjonelle, gløymde og nye julesongar. Nokre av songane vert dramatisert.

Utgiftar er kostnadsberekna til kr 25.000. Billetinntekta til kr 15.000. Det vert søkt om kr 10.000.

Psykiatrien venner

Psykiatriens venner søker kr 10.000 til prosjektet «Eit betre liv». Det er eit tiltak retta mot psykisk sjuke som treng å bryte ut av isolasjon. Det er planlagt ei reise til Oset Høgfjellshotell i mars/april 2017. Målet er at mellom 70-90 deltakerane vert påmeldt. Dei må sjølv dekke reise/opphald. For å kunne gjennomføre turen, er dei avhengige av å ha 2 reiseleiare. Midlane det vert søkt om skal gå til å dekkja deira utgiftar til reise/opphald.

Nordhordland skiklubb

Nordhordland skiklubb skriv i si søknad at det er viktig for klubben å leggja til rette for å skape identitet og klubbfølelse. Nordhordland skiklubb er opptatt av at dei skal stå fram som eit lag og eit sentralt verkemiddel i dette er klede. Det er snart 2 år sidan dei sist gjorde felles innkjøp og det er behov for oppdatering. Klubben ønskjer å stille i klubbens fargar i samband med Geilo samlinga . For ein aktiv løpar er behovet for skidress, lue, overtrekks- bukse og jakke, og ein tjukk ytterjakke. Ein slik pakke kostar om lag kr 4.500. For at ikkje det skal vere ei for stor økonomisk byrde for den enkelte utøvar, er foreldrebetaling sett til kr 1.500. Støtte frå klubb er sett til kr 1.000 pr/utøvar.

Musikkens Venner

«Syng med oss – humør og glede» er eit prosjekt som skal formidle song og musikk til dei som bur på gamle/sjukeheim og på eldresenter i Lindås kommune. Dei skal engasjere profesjonelle songarar/musikarar som kan formidle den kjente og kjære song og musikkskatten vår. Musikkens Venner ønskjer å samarbeide med Lindås kulturskule.

Nordhordland song- og kulturverkstad

Nordhordland song- og kulturverkstad søkjar midlar til prosjektet «Litlejulaftakonsert» i Knarvik kyrkja. Medverkande i programmet vert ei blanding av profesjonelle utøvarar og barn og unge som er elevar i Lindås kulturskule. Utgifta til konserten er kostnadsrekna til kr 39.500 og billettinntekta til kr 30.000. Det vert søkt om kr 9.500 til prosjektet.

Lindås revmatikarlag

Lindås revmatikarlag søkjer tilskot til prosjektet «Lev aktivt» der vannaktivitet står i sentrum. Dei skal m.a. arrangere livreddarkurs. Laget feirar i år 25 årsjubileum og dette skal markeras med medlemstur og julebord.

Alvermarka Vel

Alvermarka Vel søkjar midlar til oppgradering av grusbane som ligg sentralt i Alvermarka og er eit viktig friområde for barn og unge. Grusbana er også ei viktig samlingspunkt og ,møteplass ved dugnadar, jonsokfeiring, juletresal osv. Dei seinare åra har søre delar av område stått til nedfalls og blitt ein oppsamlingsplass for skrot og bilar. Det stod eit tidlegare vel-hus, reist på 80-talet) som var mykje brukt til ulike arrangement inntil det vart reve i 2014. Etter den tid har områdevorte brukt til uønskt formål som lagring av skrot og skada bilar. Reguleringsplan seier at område skal nyttast til leikeplass. Alvermarka Vel ønskjer å setje området i stand i tråd med intensjonane i reguleringsplanen – eit møteplass for barn, unge og vaksne i Alvermarka. Dei legg opp til leik, opphald og høve til arrangement der den planlagde pergolaen fungerer som ei scene. Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 260.000.

Edru livsstil Nordhordland

Edru livsstil Nordhordland søkjar midlar til prosjektet «God helgestart» Edru livsstil Nordhordland arbeider for en rusfri livsstil og aktiviteter som fremmer betre helse, kultur, idrett, alkoholpolitikk, lagsarbeid mm. «God helgestart» har som mål å tilby eit rusfritt tilbod retta mot personar over 18 år. Dei skal ha fokus på inkludering, respekt, humor, gode samtalar, venskap, nettverksbygging, trygghet og meistring i et rusfritt miljø. Tilbodet vil være 3 arrangement i haust (fredagar), med oppstart igjen over nyttår. Dei har særleg nye landsmenn, flykningar og einsame som målgruppe for tiltaket.

Salmekveld med Edvard Hoem

Alversund mållag, i samarbeid med Alversund kammerkor, søker tilskot til «No stig vår song» - ein salmekveld med forfattaren Edvard Hoem. Konserten vert arrangert 25. september i Knarvik kyrkje.

Daniel Evensen – Skateboarding across Norway

Daniel Evensen søker tilskot til prosjektet «Skateboarding across Norway». Filmen skal følgje 5 norske skatere på en episk reise gjennom Noreg og norsk natur. Det kjem ikkje fram av søknaden om Lindås kommune er på ruteplanlegginga. Filmen vert spela inn i tida 12.08.-26.09. og skal ha premiere 11.11.16. Søkjaren har ikkje tilknytning til Lindås.

Eikanger/Bjørsvik musikklag – Junior

Eikanger/Bjørsvik – junior er eit samansett brassband for ungdom mellom 13 og 19 år frå heile regionen. Prosjektet har eksistert i 10 år, og har 2 samlingshelgar pr/år. Bakgrunn for junior avdelinga var i si tid ei synkende medlemstal på landsbasis i heile korpsrørsla, særleg i aldersgruppa 15 til 19 år. I dag ser vi ei tydeleg synkende oppslutning i aldersgruppa 13-15 år. Eikanger/Bjørsvik søker tilskot til samling hausten 2016 med deltakare i aldersgruppa 13-19 år. Det skal arrangeras samlingshelg for unge musikantar med vaksne medhjelparar heile helga.

Nordhordland turlag

Nordhordland turlag ønskjer å arrangere 2 «base camp» prosjekter for målgruppa 12-14 år. Tiltaket består av overnatting i lavvo, kurs i kajakk, klatrekurs osv. I tillegg arrangerer turlaget i samarbeid med Nordhordland Røde Kors «Til topps» med innvandrarar som målgruppe.

Nordhordland ballklubb – TINE fotballskule

Nordhordland ballklubb arrangerer kvart år TINE fotballskule. Tilbodet er for aldersgruppa 6-16 år og det er ca 300 gutar og jenter som deltek. Fotballskulen vert arrangert i august, rett før skulestart. Deltakaravgift er sett til kr 490.

Nordhordland ballklubb – speakeranlegg

NBK var i kontakt med Lindås kommune (driftsavdeling) tidleg på året angående speaker/lydanlegg på Knarvik stadion. Der vart ein lova at nødvendig utbetring av utstyret skulle bli gjort og at anlegget skulle vera klar innan TINE fotballskule skulle begynne i august. Diverre vart ikkje utbetringar gode nok og anlegget var ikkje egna til arrangementet. NBK måtte leige inn nødvendig speaker/lydustyr til gjennomføring av TINE fotballskule, og søker med dette beløpet kr 5.000 refundert.

Ungdomslaget Heimhug - revygruppa

Revygruppa i Ungdomslaget heimhug har ein draum om å spele inn ein liten film kalla «Nesbøruto minutt for minutt». Innslaget skal nyttast i samband med framsyning av årets Hjelmås revy. Midlane skal nyttast til ein filmskapar, den gamle Nesbøbussen m/sjåfør. Desse skal frakte «passasjerane» langs ruta med diverse innslag undervegs.

Seim skyttarlag

Seim skyttarlag ønskjer å legge til rette for at barn og unge skal få prøve skytesporten og etter kvart bli medlem i skyttarlaget. Skyttarlaget ønskjer å invitere skulane i nærleiken til å kome for å få prøve å skyte under kyndig rettleiing. Desse dagane vil elevane få tilbod om skyss frå skulen til skytebana, få

teoretisk og praktisk kunnskap og enkel servering. I tillegg ønskje dei å sponse ammunisjon til trening til dei yngste skytarane.

Hindenes og Åsgard grendelag

Hindenes og Åsgard grendelag søkjar tilskot til oppgradering av utområdet kring grendahus, m.a. nytt gjerde, grusing og sette opp basketkurver, bord og benkar.

Osterfjorden mållag

Osterfjorden mållag søkjar tilskot til julekonsert for å styrkje nynorsk songglede i julehøgtida.

Eikanger/Bjørsvik v/trombonegruppa - Vidar Nordli

Vidar Nordli er aktiv i trombonegruppa i Eikanger/Bjørsvik musikklag. Trombonegruppa har vore svært aktive på barne/ungdomsarbeids fronten gjennom mange år, og arrangerer 2 årlege trombonesamlingar for trombonistar i regionen vår. Det er Eikanger/Bjørsviks eige trombonistar som arrangerer og undervisar på samlingane. Trombonesamlinga har no vore arrangert i over 10 år. Mange av deltakarane har vore med på mange av samlingane. Dei etterlyser no «nyare» ting å spele. Trombonegruppe ønskjer difor å få arrangert fleire nye og oppdaterte notar til prosjektet.

Nålauga

«Nålauga er ei damegruppe som samlast kvar 14. dag for å lage ting saman. Kriterie for å vere med er psykiske problem. Gruppa planlegg ei helgetur til Modalen for å gå i naturen, bowle og bade. Dei fleste i gruppa reise aldri nokon plasser, så dette hadde vore ein mulighet for å komme deg ut av heimen ei heil helg.

Lindås bygdeboknemnd

Lindås bygdeboknemnd har tidlegare arrangert kurs i slektsgransking. Det har vore veldig populært. No ønskjer nemnda å arrangere 2 kurs – eit for nybegynnarar og eit for vidarekomne. Kurs vert arrangert vinteren 2016/2017. Laget får utgiftar til instruktør og lokalleige.

.....

Vedlagte saksdokument:

Uttale FORDELING KULTURMIDLAR 2016 - hausttildelinga	132557	29.09.2016
Hausttildeling 2016	132558	29.09.2016

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost